RETTLEIING TIL SØKNAD OM REGISTRERING SOM KJØPAR I FØRSTE HAND AV RÅFISK M.V.

Etter *forskrift om registrering som kjøper i første hånd av råfisk m.v. fastsett av Fiskeridepartementet 19. september 1997 med hjemmel i lov av 24. juni 1994 nr. 34 om registrering som kjøper i første hånd av råfisk m.v. Regelverket trådte i kraft 01 01 98.*

- Alle som ynskjer å vere registrert som kjøpar i kjøparregisteret, må fylle ut Fiskeridirektoratet sitt søknadsskjema for registrering som kjøpar i første hand av råfisk m.v. og sende dette og dei aktuelle vedlegga til Fiskeridirektoratet.

- Ved registrering forutset Fiskeridirektoratet at dei søkjarar som skal godtakast som ordinære kjøparar i kjøparregisteret, gjer eit reelt førstehandskjøp. Ein definerar eit reelt førstehands-kjøp som ein transaksjon der sluttsetel vert utskriven og at sluttsetelen vert underskriven av representantar frå begge einingar, d.v.s. skippar og leiar for mottak i land jf sluttsetelforskrifta. Kjøpa skal gå føre seg over det godkjende anlegget som kjøpar eig, leiger eller har ei samarbeidsavtale med og det er ikkje tillate å registrere fleire kjøparar ved dette anlegget. Dersom nemnde føresetnader ikkje er praktisk gjennomførbare, kan ein søkje om dispensasjon.

- Dersom ein ikke fyller vilkåra for ei ordinær registrering, kan det søkjast om dispensasjon jfr. registreringsforskrifta § 9.

- Ved vurdering av dispensasjonssøknaden vert det lagt avgjerande vekt på om kjøps-aktiviteten gjer det mogeleg med ein fullgod ressurs- og kvalitetskontroll. I denne sammenheng er det vesentleg å kunne spore aktiviteten tilbake til farty. I tillegg til skjema og vedlegg, må det difor ved dispensasjonssøknader, gjevast ei kort utgreiing om den omsetninga ein søkjer dispensasjon for; korleis kjøpa skal gjerast, kvar fisken skal landast, kva for fiskeslag, ca.kvanta og verdi, er det fersk, frosen etc. Vidare ei grunngjeving kvifor ein treng dispensasjon. Handsaming av dispensasjonssøknaden tek litt tid.

- Ingen søknad vert handsama i Fiskeridirektoratet før dei nødvendige vedlegg, grunngjevingar etc. ligg føre. Det må ligge føre eit dokument på det godkjende 01-anlegget i søkjar sitt namn. Dersom det er eit leigeforhold eller ein samarbeidsavtale, må kontrakt som stadfester dette leggjast ved søknaden.

- Kjøparnummeret i registeret vil vere organisasjonsnummeret i Enhetsregisteret. Ved organisasjonsendring som fører til nytt organisasjonsnummer, må ein søkje på nytt og betale nytt gebyr fordi det vert tale om ei ny juridisk eining. For registrerte kjøparar er alle andre endringar i registeret som det vert gjeve melding om, medrekna søknad om dispensasjon, gratis. Kjøpar pliktar å melde frå til Fiskeridirektoratet om endringar og slutt av aktiviteten jfr. forskrifta § 5.

- Registrering føreset at regelverket vert lese og følgd.